



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato: 08.04.2014
Tid: 14:00 – 18:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef


Wenche Tislevoll

Lars Ove Rimmereid

Arne Prestbø


Bente Fitjar
Møtereferent

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 31/14	Godkjenning av protokoll	
PS 32/14	Meldingar	
PS 33/14	Vedlikehald av kommunale vegar 2014	
PS 34/14	Nytt garderobebygg og flomlys ved kunstgrasbanen	
PS 35/14	Plan for idrett- og friluftsliv 2014-2024	
PS 36/14	Medlemskap i DIHVA	
PS 37/14	Eigarmøte - SIM	
PS 38/14	Kollektivstrategi for Hordaland - høyring	
PS 39/14	Oppfølging budsjett 2014	
PS 40/14	Styre og disponentfunksjonen i Gamle Fitjar Tinghus AS	
PS 41/14	Kommunereform i Sunnhordland	
PS 42/14	Gjennomgang av reglement og delegering	
PS 43/14	Avtale med næringssselskap	
PS 44/14	Eventuelt kjøp/sal av eigedom	X
PS 45/14	Ymse	

2 saker sendt på iPad måndag 07.04.14 – PS 43/14 Avtale med næringssselskap og PS 44/14 Evt. kjøp/sal av eigedom.

1 meldingssak – Skatteinngang mars 2014, sendt på iPad måndag 07.04.14.

Innkalling og saksliste godkjent utan merknader.

Representanten Harald Rydland gjekk frå møtet etter handsaming av sak PS 37/14.

PS 31/14 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 11.03.2014.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 32/14 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Det vert offisiell opning av Rimbareid skule 9. mai kl. 10. Kommunestyret vert invitert.

Samarbeidsrådet – utsending av saker. Innkalling og referat skal sendast elektronisk til kommunestyret når dette kjem til postmottaket i kommunen.

Skulesjef John Karsten Raunholm orienterte om arbeidet med rullering av skulebruksplan for perioden 2014-18. Prognosane viser ein nedgong i elevtalet i perioden, som vil gje kommunen mindre inntekter i størrelsesorden 4-6 mill. Det er sett ned ei tverrpolitisk arbeidsgruppe som vil sjå nærare på korleis ein kan løysa dette.

Notat Skatteinngang mars 2014 vart ettersendt på iPad 07.04.14.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 33/14 Vedlikehald av kommunale vegar 2014

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek fylgjande prioritiseringsliste for oppgradering av kommunalt vegnett i samsvar med vedlegg 1.

Der kommunal veg ligg over privat grunn, vert det føresett at det blir gjort avtale med grunneigar om vegretten før reasfaltering.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg frå representanten Harald Rydland (KRF) om punktvis inndeling av framlegget, og med eit pkt 3. som tillegg:

Før det vert sett i verk tiltak på dei ulike vegane, må det gjerast ei vurdering på om vegen kan gjerast om til privat veg. Sak om dette må leggjast fram for politisk handsaming.

Vedtak: (Samrøystes)

1. Formannskapet vedtek prioritiseringsliste for oppgradering av kommunalt vegnett i samsvar med vedlegg 1.
2. Der kommunal veg ligg over privat grunn, vert det føresett at det blir gjort avtale med grunneigar om vegretten før reasfaltering.
3. Før det vert sett i verk tiltak på dei ulike vegane, må det gjerast ei vurdering på om vegen kan gjerast om til privat veg. Sak om dette må leggjast fram for politisk handsaming.

PS 34/14 Nytt garderobebygg og flomlys ved kunstgrasbanen

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår Kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommune vil gå inn for bygging av nytt garderobebygg, og lysanlegg ved kunstgrasbanen, under føresetnad av at Fitjar idrettslag med dei enkelte støttespelarar gir den skisserte støtta. Idrettslaget skal bere all risiko ved forskottering av spelemidlar. Fitjar kommune er formell eigar og utbyggjar av garderobebygget.

Kommunestyret vedtek oppstart av prosjektet.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg frå rådmann Atle Tornes om å endra siste setning i administrasjonen sitt framlegg:
Kommunestyret godkjenner prosjektet i budsjettssamanheng, og vedtek oppstart av prosjektet.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommune vil gå inn for bygging av nytt garderobebygg, og lysanlegg ved kunstgrasbanen, under føresetnad av at Fitjar idrettslag med dei enkelte støttespelarar gir den skisserte støtta. Idrettslaget skal bere all risiko ved forskottering av spelemidlar. Fitjar kommune er formell eigar og utbyggjar av garderobebygget.

Kommunestyret godkjenner prosjektet i budsjettssamanheng, og vedtek oppstart av prosjektet.

PS 35/14 Plan for idrett- og friluftsliv 2014-2024

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak.
Kommunestyret godkjenner plan for idrett- og friluftsliv 2014-2024 slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret godkjenner plan for idrett- og friluftsliv 2014-2024 slik den ligg føre.

PS 36/14 Medlemskap i DIHVA

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Fitjar kommune søkjer om å bli medeigar i Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS (DIHVA)

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka.

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommune søkjer om å bli medeigar i Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS (DIHVA)

PS 37/14 Eigarmøte - SIM

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringa frå SIM til vitande.
Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:
Kommunestyret tek orienteringa frå SIM til vitande.

Kommunestyret ber kommunen sine representantar i representantskapet om ... (dersom formannskapet/kommunestyret ynskjer å presisera eit eller fleire moment ovafor selskapet)

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Dagleg leiar Terje Gilje informerte ut frå SIM si årsmelding og økonomiplan/budsjett, og svara på spørsmål frå formannskapet.

Formannskapet drøfta saka. Dokument tilhøyrande innkalling til representantskapsmøtet i SIM gir eit godt og tydeleg bilete av stoda i SIM. Fitjar kommune sine representantar møter på representantskapsmøtet.

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret tek årsmøtedokumenta frå SIM til vitande.

PS 38/14 Kollektivstrategi for Hordaland - høyring

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune sender følgjande høyringssvar:

Fitjar kommune meiner at Kollektivstrategi for Hordaland er eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med å utvikla kollektivtilbodet i fylket. Kommunen meiner likevel at høyringsutkastet i for liten grad tek opp i seg utfordringane utanfor Bergensregionen.

Fitjar kommune meiner det er riktig å leggje vekt på hovudlinene mellom regionsentra og Bergen. Samstundes vil denne strategien berre lukkast om kollektivtransport blir eit reelt alternativ for innbyggjarane òg i distrikta. Det vil difor vera viktig å leggja til rette for ei teneste som er enkel og attraktiv å nytta, i konkurranse med privatbilen. Lokalrutene er eit viktig tilbod for mange grupper i distrikta, som ikkje har tilgang på eigen bil.

Sterkere konkurranse om arbeidskraft og nytt busettingsmønster gjer at mange bur langt vekke, ofte i andre kommunar, enn der dei har arbeidsstad. Hyppige lokalruter sikrar tilgang på kvalifisert arbeidskraft og styrkar busetnad og næringsliv i regionane. Skyss bør ha som overordna målsetnad at kollektivtilbodet skal støtta folkesetnaden og styrka næringsutviklinga i heile fylket.

Sunnhordland er ein region med eit sterkt næringsliv og ein folkesetnad i vekst. Som del av ein kollektivstrategi for Hordaland meiner Fitjar kommune at det bør lagast ein eigen kollektivplan for Sunnhordland.

For at kollektivtransport skal bli eit attraktivt alternativ til privatbilisme, må Skyss gje dei reisande eit tilbod som er enkelt og komfortabelt å nytta. Det bør difor leggjast vekt på følgjande tiltak:

- Betre samankopling mellom offentlege og private tilbod på hovudlinene.
- Enkel overføring av passasjerar frå regionbussruter til Bybanen.
- Felles takstzone for Sunnhordland
- E-løysingar for kjøp av billetter og verdi- og periodekort i heile fylket.
- Plan for oppgradering av haldeplassar, og god informasjon på haldeplassane.
- Eit sterkare tilbod av lokalruter i distrikta

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)

Som framlegg.

PS 39/14 Oppfølging budsjett 2014**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek saka og dei foreslåtte tiltaka til vitande.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet. Saka bør gå til kommunestyret som ei orientering.

Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)

Som framlegg.

PS 40/14 Styre og disponentfunksjonen i Gamle Fitjar Tinghus AS**Framlegg til vedtak:**

Fitjar kommune tar på seg disponentfunksjonen for Gamle Fitjar Tinghus AS frå og med rekneskapsåret 2014.

Fitjar kommune vel NN som ny representant til styret, og Y og Z som vararepresentantar. Formannskapet rår til at vert ny styreleiar i selskapet.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og representanten Lars Ove Rimmereid (SP) ba formannskapet vurdere om dei er ugilde, dei er høvesvis styreleiar og vara til styret i selskapet Gamle Fitjar Tinghus. Formannskapet drøfta spørsmålet om ugildskap, begge representantane vart samrøystes erklært gilde.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Atle Tornes orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta saka. Val av representantar til styret blir handsama i valnemnda før dei går til kommunestyret.

Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)

Fitjar kommune tar på seg disponentfunksjonen for Gamle Fitjar Tinghus AS frå og med rekneskapsåret 2014.

PS 41/14 Kommunereform i Sunnhordland**Framlegg til vedtak:**

1. Fitjar kommune vedtek å delta i prosjektet "Kommunereform i Sunnhordland".
2. Prosjektet vert vedteke med mandat, organisering, framdriftsplan og budsjett som det går fram av saksutgreiinga.
3. Det vert løyvd 35 000 kroner som kommunen sin del av finansieringa til prosjektet. Midlane vert teke av disposisjonsfondet.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Rådmann Atle Tornes trekte saka.

Vedtak:

Saka vart trekt.

PS 42/14 Gjennomgang av reglement og delegering**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek til reglement for kommunestyret, formannskapet og utvala som tilrådd.
2. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for kontrollutvalet som tilrådd.
3. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde som tilrådd.
4. Kommunestyret vedtek framlegg til etiske retningslinjer som tilrådd.
5. Kommunestyret vedtek framlegg til delegering til rådmannen som tilrådd.
6. For område som ikkje er omtala i delegering til rådmannen, vil tidlegare delegeringar gjelda vidare.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og la fram følgjande tillegg til framlegget:
Endring i pkt. 2:

Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for kontrollutvalet som tilrådd, med skisserte endringar i § 4, 8 og 9.

Tilråding: (Samrøystes – 4 røyster)

1. Kommunestyret vedtek reglement for kommunestyret, formannskapet og utvala som tilrådd.
2. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for kontrollutvalet som tilrådd, med skisserte endringar i § 4, 8 og 9.
3. Kommunestyret vedtek framlegg til reglement for godtgjersle til folkevalde som tilrådd.
4. Kommunestyret vedtek framlegg til etiske retningslinjer som tilrådd.
5. Kommunestyret vedtek framlegg til delegering til rådmannen som tilrådd.
6. For område som ikkje er omtala i delegering til rådmannen, vil tidlegare delegeringar gjelda vidare.

PS 43/14 Avtale med næringssselskap**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet gir fullmakt til ordførar til å utarbeide eit grunnlag for førespurnad på kjøp av førstelineteneste for næringsarbeid og setje dette ut på anbod.

Formannskapet føreset at ein får saka tilbake for endeleg val av leverandør.

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka. Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)

Formannskapet gir fullmakt til ordførar til å utarbeide eit grunnlag for førespurnad på kjøp av førstelineteneste, utvikling og rådgeving for næringsarbeid og setje dette ut på anbod.

Formannskapet føreset at ein får saka tilbake for endeleg val av leverandør.

PS 44/14 Eventuelt kjøp/sal av eiendom

PS 45/14 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 08.04.2014:

Ordføreren har ikkje høve til å delta på festmiddag 14. mai i Bergen, i høve grunnlovsjubileumet. Representanten Harald Rydland (KRF) deltek for Fitjar kommune.

Innspel frå ordførar Wenche Tislevoll (H) om formannskapet skal ta initiativ til årleg møte med styret i Midtfjellet Vindkraft AS. Formannskapet meiner at det vil vera fornuftig, ordføreren tek dette vidare med Midtfjellet Vindkraft AS.